



Faveo prosjektledelse AS  
Gisle Einan

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/3030 - 15/33461

Saksbehandlar:

Therese Urdahl Braseth

Therese.Braseth@lindas.kommune.no

Dato:

30.10.2015

## Tildeling av kontrakt prosessrettleiar- Lindås kommune

Lindås kommune viser til deltaking i nemnde konkurranse.

Etter ei evaluering av de innkomne tilboda vert kontrakt tildelt

FAVEO Prosjekt AS med tilbode team ved Kjell Kvam (1) og Måns Davidson (2).

Grunngjevinga følgjer under.

### Om anskaffinga

Anskaffinga er gjennomført i samsvar med lov av 16. juli 1999 nr. 69 om offentlige anskaffelser og tilhøyrande forskrift 7. april 2006 nr. 402 om offentlige anskaffelser (FOA) del I og II. Anskaffinga er gjennomført som ein open anbodskonkurranse, jf. FOA § 14-1 (1). Brevet følgjer reglane i FOA § 20-16.

Oppdragsgjevar tok imot tilbod frå 3 leverandørar innan tilbodsfristen. Ingen tilbydarar vart avvist i konkurransen.

Etter FOA § 20-16 (1) skal oppdragsgjevar gjera greie for det valte tilbodets eigenskaper og relative fordelar i samsvar med dei oppgjevne tildelingskriteria.

Etter ei gjennomgang av tilboda er Lindås kommune si vurdering som følgjer:

---

#### Post

postmottak@lindas.kommune.no

Dokumentsenteret

Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no

Telefon +47 56 37 50 00

Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311

Org.nr. 935 084 733



Evalueringssmatrise		HR Prosjekt AS		FAVEO Prosjekt AS		Erstad&Lekven AS	
Tildelingskriterium	Vekt	Score	Vektet poeng	Score	Vekta score	Score	Vekta score
Samla kompetanse og erfaring	70 %	9,30	6,51	10,00	7,00	7,46	5,22
Pris	30 %	9,68	2,91	8,76	2,63	10,00	3,00
<b>TOTAL</b>	<b>100 %</b>		<b>9,42</b>		<b>9,63</b>		<b>8,22</b>
<b>Rangering</b>		<b>2</b>		<b>1</b>		<b>3</b>	

### Om evalueringa

Etter konkurransegrunnlagets punkt 5 Hovudkriterium for val av leverandør, vil tildeling av avtalen skje på grunnlag av kva tilbod som er det økonomisk mest fordelaktige basert på kriteria under:

Kriterium	Vekt
<b>Pris (timepris)</b>	30 %
<b>Kvalitet</b>	70 %
Kompetanse for tilbydde personar:	
- Grad og relevans av formell kompetanse* (20%).	
- Grad og relevans av erfaring (30%)	
- Samarbeidsegenskapar og oppgåveforståing (50%)	

\*) Mastergrad eller tilsvarende gjev toppscore under dette pkt.

Kvart underkriterium er evaluert slik at beste tilbydar for dei enkelte underkriterium har fått score 10.

Dei andre tilboda vart gitt score etter relative avvik frå beste tilbod.

Kvart tildelingskriterium vert presentert under.

### Om tildelingskriteriene

#### «Pris»

Pris er gitt ei vekt på 30%. Pris er vurdert ut frå tilbydde timeprisar for arbeid under avtalen. Vurderinga er gjort på bakgrunn av utfyllt prisbilag, jf. Bilag 1 til konkurransegrunnlaget. Under kriteriet «Pris» har Erstad&Lekven AS gitt lågast timepris og oppnår høgaste score på kriteriet.

#### «Kompetanse og erfaring tilbydde ressurspersonar»

Kompetanse og erfaring er gitt ei vekt på 70%.

Kvaliteten av tilbydt kompetanse for tilbydde personar er vurdert opp mot underkriteria skildra i avsnitt 1.4 og andre leveransar nemnt i 5.2 i konkurransegrunnlaget.

Samarbeidsegenskapar er vurdert ut frå intervju og den skriftlege skildringa av korleis ein tenkjer å løyse oppgåva og fremje samarbeid i samspelsgruppa.

Kompetanse og erfaring av tilbydde personar er vekta 60/40%. Samla score er lagt til grunn.

Vår vurdering er at FAVEO Prosjektledelse AS har dokumentert best kompetanse og erfaring på tilbode personar (team) samla sett, og får 10 poeng på desse punkta.

FAVEO Prosjektledelse AS har tilbydd eit team som samla jamt over har svært god kompetanse, lang og høg grad relevant erfaring med samspel og prosjekt som treffer Lindås kommunes behov svært godt. Dokumentert erfaring frå ein rekke skuleprosjekt der tilbode personar har hatt sentrale rollar i heile eller delar av prosjekta med samspel. Dei viser god oppgaveforståelse og samarbeidsevne og får og her 10 poeng.

HR Prosjekt AS er vurdert høgt 9,3. HR Prosjekt AS har satt sammen eit godt team, men grad av formell og relevant erfaring på tilbode team noe logare enn FAVEO Prosjektledelse AS. Dei viser god oppgaveforståing og samarbeidsevne. Erstad&Lekven AS er vurdert logast 7,46. Dei har satt saman eit teamet som har tilsvarande formell kompetanse som HR Prosjekt AS. I tillegg fører lite erfaring frå offentlege byggjeprojekt og prosjekt med samspeleentreprise til at dei skorar logast i denne vurderinga. Den skriftlege skildringa av korleis ein tenkjer å løyse oppgåva er noe kortfatta og generell samanlikna med dei andre. Den presenterer heller ikkje korleis dei skal fremje samarbeid i samspelegruppa. Erstad&Lekven AS blir dermed vurdert logare på samarbeidseigenskapar og oppgaveforståing enn dei andre.

Samla oppnår tilboda frå FAVEO Prosjektledelse AS 10 poeng i konkurransen, som er høgast av dei innkomne tilboda.

#### **Karensperiode og spørsmål**

Karensperioden utløpar 10.11.2015 kl. 12.00.

Eventuelle spørsmål kan sendast pr. e-post til [therese.braseth@lindas.kommune.no](mailto:therese.braseth@lindas.kommune.no)

Oppdragsgivar har til føremål å signere kontrakt straks fristen er gått ut.

Vi presiserer at tildeling av kontrakt kan setjast til side fram til kontrakt er signert.

Med helsing

Therese Urdahl Braseth  
einingsleiar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

#### **Kopi til:**

Faveo prosjektledelse AS  
Linn Hagen  
Terje Fauske  
Line Merete Valle  
Kristin Moe

**Mottakrar:**

Faveo prosjektledelse AS

HR prosjekt AS

Erstad & Lekven Bergen AS